



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Storemark, Leif Arne Økland og Rune Minde.

Kommunal representant: Ingen møtte.

Frå kyrkjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 05/23 – 09/23

F 05/23	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 01.02.2023
Vedlegg	Møteboka frå 01.02.2023 Innkallinga til møtet 01.02.2023
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 06/23	ORIENTERINGAR
	<ul style="list-style-type: none">• Vallokale kyrkjevalet

F 07/23	GODKJENNING NÆRINGSVERKSEMD GRAVPLASSANE
	<p><u>Bakgrunn:</u> Saka vart behandla i førre soknerådsmøte. Søknad frå AUFERA om å få løyve til å driva næringsverksemd på gravplassane på Fedje, vart avslått med den grunngjevinga at ein allereie hadde dekkja inn behovet for gravstell.</p> <p>Kyrkjeverja hadde i etterkant innvendingar mot dette vedtaket og er av den oppfatninga at vedtaket vart fatta på feil grunnlag og har difor bedt AU om ei ny vurdering i soknerådet. Innvendinga handlar om at grunngjevinga om at vi allereie har fylt opp behovet for gravstell ikkje vil vera haldbar argumentasjon.</p> <p>Poenget med denne søknaden, slik kyrkjeverja vurderer det, er om AUFERA oppfyller krava ein normalt vil kunna stilla til ein ekstern aktør</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>som ønskjer å driva næringsverksemd på gravplassane. Typiske døme på slik næringsverksemd vil til dømes vera firma eller enkeltpersonar som forhandlar og monterer gravminner, eller her ein ekstern aktør som ønskjer å tilby gravstell. Soknerådet behandlar slike søknader med heimel i § 13 i dei lokale gravplassvedtektene. Soknerådet kan også vedta å delegera desse avgjerdene til kyrkjeverja, om det skulle vera ønskjeleg.</p> <p>Kyrkjeverja si innvending handlar dermed om AUFERA kan bli sett på som ein aktør som bør få løyve til å kunna driva næringsverksemd på gravplassane eller ikkje. Grunngevinga kan då ikkje vera at vi akkurat no oppfyller behovet for gravstell. Så lenge AUFERA kan tilby slike tenester på ein forsvarleg måte, må det vera opp til den enkelte brukar av desse tenestene å bestemma om og kven av tilbydarane ein ønskjer å bruka. Publikum bør ha eit reellt val her. (At ein slik aktør kjem på bana kan også føra til at fleire ønskjer seg slike tenester). Kyrkjeverja kan ikkje finna grunnar til at AUFERA ikkje vil vera istand til å levera desse tenestene og er difor av den oppfatninga at det ikkje er sakleg grunn til å avslå søknaden.</p> <p><i>Framlegg til vedtak:</i> <i>Fedje sokneråd godkjenner søknad frå AUFERA om å driva næringsverksemd på gravplassane på Fedje.</i></p>
Vedtak:	Fedje sokneråd godkjenner søknad frå AUFERA om å driva næringsverksemd på gravplassane på Fedje.

F 08/23	REKNESKAP 2022 – GODKJENNING
	<p><u>Bakgrunn:</u> Soknet sin rekneskap er no ferdig og avstemt. Denne syner eit mindreforbruk på kr. 104.134,- mot eit lite meirforbruk i fjor. At vi har fått eit mindreforbruk har samansette årsaker. Botnlinja her er at vi har ei stram økonomistyring.</p> <p>Sambruket med Austrheim er også noko som sparar kostnader og aukar effektiviteten på oppgåvene som skal løysast.</p> <p>Stabane på Fedje og Austrheim er kvar for seg sårbare. Denne sårbarheita vert noko redusert ved at vi i større grad samarbeider om å løysa ulike oppgåver, til dømes ved å bruka teknisk kompetanse innanfor eigen stab istadenfor å hyra inn eksterne.</p> <p>Fedje sokn kjem også rimelegare ut på it-sida, ved å vera eit «underbruk» av Austrheim Sokn som brukar av dataplattforma (Kirkepartner) vi er på. Eit anna døme er betaling for kyrkjeverja sitt it-utstyr, som til no heilt og fullt har blitt dekka av Austrheim sokn.</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>Vi fekk i 2022 ei ekstraløving i form av straumstøtte på kr. 45.000,-. Vi har fått statlege tilskot på kr. 52.000,-, som i hovudsak er støtte til trusopplæring. Den statlege støtta var litt høgare enn forventa. Vi fekk også inntekter i form av tilskot og gåver på kr. 59.000,-, noko som i hovudsak er basarinntekter. Soknet har brukt mindre enn budsjettert på lønsutgifter (kr. 126.000,-). Dette er noko samansett. 2022 er første året der effekten av stillingsendringane syner seg tydelegare. Vi reduserte kyrkjetenar og reinhaldarstillinga frå 37% til 25%. Lønsvivået har her heller ikkje vore identisk. Organiststillinga har stått vakant så tenestene er blitt utført på vikarbasis. Høgt gravferdstall har ført til at vakansen i denne stillinga likevel ikkje har vore besparande. Organisten på Austrheim har hatt mesteparten av desse oppdraga. Han har i tillegg bidratt på sjukeheimsandaktane utan at det har blitt krevd ekstra betaling for dette. Vi har engasjert trusopplærar på timebasis tilsvarande inntil 15% stilling. Denne ressursen har av ulike årsaker blitt brukt mindre enn det vi ønskte, noko som igjen har ført til mindre lønsutgifter.</p> <p>Mindreforbruket vert overført til ubundne driftsfond.</p> <p><i>Framlegg til vedtak:</i> <i>Fedje sokneråd godkjenner, med atterhald om revisjonens godkjenning, rekneskapen for 2022 slik den ligg føre.</i></p> <p><i>Mindreforbruk på drifta på kr 104.134 vert overført til ubundne driftsfond.</i></p>
Vedtak:	<p>Fedje sokneråd godkjenner, med atterhald om revisjonens godkjenning, rekneskapen for 2022 slik den ligg føre.</p> <p>Mindreforbruk på drifta på kr 104.134 vert overført til ubundne driftsfond.</p>

F 09/23	ÅRSMELDING 2022 – GODKJENNING
	<p><u>Bakgrunn:</u> Årsmeldinga for 2022 er vedlagt og vert lagt fram for soknerådet til godkjenning før årsmøtet.</p> <p><i>Framlegg til vedtak:</i> <i>Fedje sokneråd godkjenner årsmeldinga for 2022.</i></p>
Vedtak:	Fedje sokneråd godkjenner årsmeldinga for 2022.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Storemark, Leif Arne Økland og Rune Minde.

Frå kyrjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 05/23 – S 06/23

S 05/23	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 01.02.2023
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 01.02.2023 Innkallinga til møtet 01.02.23
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 06/23	UTTALE NY SOKNEPREST
	<p><u>Bakgrunn:</u> Som kjent avsluttar Rune Minde si teneste som sokneprest i Austrheim og Fedje no til sommaren. AU på Austrheim og Fedje har hatt samtale med prosten om innhaldet i utlysingsteksten og kva for eigenskaper ein ser etter hos den som skal inn igjen i tenesta. Over heile landet og særskilt i nord og i utkantstroka, har det utvikla seg ein situasjon med ein betydeleg prestemangel. Dette gjeld også vårt område og vi var spente på om vi fekk søkjarar i det heile.</p> <p>Det er komen <i>ein</i> søkjar til stillinga. Han oppfyller kvalifikasjonskrava. Den som har søkt er Stein Hugo Fykse. Han er født i 1970 og er for tida prest på Osterøy og før den tid var han prest i Askvoll. Som ein kuriositet kan ein nemna at han har slektsrøter på Fedje, sidan mor hans er herifrå.</p> <p>Soknerådsleiar vil ha vore med på intervju med kandidaten, før dette møtet i soknerådet.</p>
Vedtak:	Fedje sokneråd ønskjer Stein Hugo Fykse velkomen som sokneprest på Fedje og Austrheim.